

## Alle tekstane på Kapittel 2

### 1. Ein annan kjærleikssong

Du treng'kje gå på vatnet, eller dele fjell i to  
Du treng'kje krysse alle hav for meg  
Du treng'kje ikkje vere den finaste, eller alltid snill og god  
For du er alltid vakker uansett

Men alt eg ber om er eit smil frå deg  
Eit lite hint om eg er på rett veg  
For vegen vart så lang å gå  
Og landskapet rundt så vanskeleg å forstå  
Driv du vekk for siste gong,  
eller finn eg deg att i ein annan kjærleikssong?  
Ååå

Du treng'kje satse livet for at eg skal ha det bra  
Du treng'kje late som at alt er fint  
Du treng'kje vise verda kva slags sexliv du vil ha  
Du treng'kje alltid gå når du blir sint

Alt eg ber om er eit smil frå deg  
Eit lite hint om eg er på rett veg  
For vegen vart så lang å gå  
Og landskapet rundt så vanskeleg å forstå  
Driv du vekk for siste gong  
Eller finn eg deg att i ein annan kjærleikssong?  
Ååå

Syng du med?  
Syng du endeleg med?  
Syng du med?  
Syng du endeleg med?

No driv du vekk for siste gong  
Kanskje dukkar du plutseleg opp ein annan gong  
På ein annan mann sitt fang  
I ein annan sin kjærleikssong

### 2. Send skåla rundt

Send skåla rundt  
No som alle ser  
Eg har eit menneskeleg instinkt  
Eg har ein trong til å gje  
Men ikkje så det svir  
Nei ikkje i dag  
For sjølve rekninga  
Kan nokon andre ta

No er eg lei av dette maset  
Har høyrte den visa tusen gonger før  
Det er ingenting eg kan forandre  
Om eg lever eller dør, ååh

Knip auga att  
Og lat som ingenting  
Det her er beste utveg  
Det her er strategien min  
Til dei som trur på undergang  
Og at den er menneskeskapt  
Vart aldri invitert på festen min  
Det vil eg berre ha sagt, ja

No er eg lei av dette maset  
Har høyrte den visa tusen gonger før  
Det er ingenting eg kan forandre  
Om eg lever eller dør, ååh

Då raset kom  
Hadde dei prøvd alt  
Eg stod med rygget til  
Høyrde ikkje at det smalt  
Kun min eigen stemme  
Ikkje deira varselrop  
Det siste eg tenkte  
Var korleis ting hang i hop  
Hang i hop

Eg er så lei av dette maset  
Har høyrte den visa tusen gonger før  
Det er ingenting eg kan forandre  
Om eg lever eller dør, ååh

No er eg lei av dette maset  
Har høyrte den visa tusen gonger før  
Det er ingenting eg kan forandre  
Om eg lever eller dør, ååh

### 3. Etableringsangst

Eg hadde tenkt å flytte for meg sjølv  
Eg har jo levd ei stund, men aldri tenkt det før  
For her har eg alt eg trengje i mitt liv  
Så kvifor skifte til eit dårlig alternativ?

Hei, dette kan'kje gå nei  
Det er ingenting å satse på nei  
Har høyrte det sjølv men kan'kje tru det  
Ååå, du kan vel aldri meine  
Å la mor mi bu att åleine?  
Har sett det før, sjølv gode menn dei let seg lure  
Ååå flyg av stad, flyg av stad no Beibi!

No har eg tenkt å finne meg ein jobb.  
Få litt rutine, kanskje reise rundt og sjå  
Men ei treng'kje alltid krysse bekken etter vatn  
Å heve trygda heimefrå, det har eg gjort sidan eg var atten! Ååå

Hei, dette kan'kje gå nei  
Det er ingenting å satse på nei  
Har høyrte det sjølv men kan'kje tru det  
Ååå, du kan vel aldri meine  
Å la mor mi bu att åleine?

Hei, dette kan'kje gå nei  
Det er ingenting å satse på nei  
Har høyrte det sjølv men kan'kje tru det  
Ååå, du kan vel aldri meine  
Å la mor mi bu att åleine?  
Har sett det før, sjølv gode menn dei let seg lure  
Ååå flyg av stad, flyg av stad no Beibi!

Eg har vurdert å få mitt eige liv.  
Med hus og kone, og ein stor familiebil  
Men det er så mange og tunge val å ta  
Så slike impulsar bør ein hels aldri gjere alvor av  
Daaa da da da... Daaa da da da..

Hei, dette kan'kje gå nei  
Det er ingenting å satse på nei  
Har høyrte det sjølv men kan'kje tru det  
Ååå, du kan vel aldri meine  
Å la mor mi bu att åleine?  
Har sett det før, sjølv gode menn dei let seg lure  
Ååå , Ååå  
Ååå flyg av stad, flyg av stad no Beibi!  
Ååå flyg av stad, flyg av stad!

#### 4. Ikkje gå

Eg høyrde i natt, at du nett hadde sagt  
At tida snart var ute for oss to.  
Det var ikkje slik, at det berre var eit svik  
Det var ingenting å hente, lenger no  
For ein ting te vart ein for mange  
Eg ber på mine kne, og du kan sei det som det e'

Men ikkje gå, ikkje gå  
Alle andre står og ser på  
Ikkje gå, nei ikkje gå, heile verda følge med på  
Det som skjer no, med oss to  
Ikkje gå

Det byrja så lett, alt var fint uansett  
Alle dagane vi hadde, og alt du sa  
Men slik hjartet mitt slår, blir det tvil når ein går  
Og lengtar etter tida, slik den var  
Eg veit det er seint å forklare  
Hadde gjort det lenge før om eg berre visste svaret

Men ikkje gå, ikkje gå  
Alle andre står og ser på.  
Ikkje gå, nei ikkje gå, heile verda følge med på  
Det som skjer no, med oss to  
Ikkje gå

Og tenk om det berre hadde vore  
Vi to att her på jorda, ingen tvil og sjalusi  
Og tenk om du ikkje likte meg då?  
Kor skulle du gå?  
Eg veit det er seint å forklare  
Hadde gjort det lenge før om eg berre visste svaret

Ikkje gå, ikkje gå  
Alle andre står og ser på.  
Ikkje gå, nei ikkje gå, heile verda følge med på  
Ikkje gå, ikkje gå  
Alle andre står og ser på.  
Ikkje gå, heile verda følge med på  
Det som skjer no, med oss to  
Ikkje gå

### **5. Svart-kvitt TV**

Bak den grå gardina lever det  
Som eit skrømt frå ei anna tid  
Avla fram utan omsyn  
Med næring frå din fantasi.

Du tek eit steg, og eit steg te  
Då ser eg kven du e'  
Og kor du går  
Men det er ting eg ikkje heilt forstår  
Du har eit liv, du har eit val  
men du vil leve på ditt svart-kvitt TV

Du skrik det ut så alle høyrer  
Om å ha fedrelandet sitt i fred  
Men når andre tenker andre tankar  
så dreg du nisselua godt ned

Er du så redd at du ikkje skal få?  
At det ikkje blir nok når nye gjestar bankar på?  
Det er slik det går  
når det er ting du ikkje heilt forstår  
Du har eit liv, du har eit val  
Men du vil leve på ditt svart-kvitt TV

Så hever du stemmen, og marsjerer avgårde i takt  
Med resten av bermen, på leit etter meining og makt  
Trur du nokon ser deg?  
Trur du nokon bryr seg?

Du har eit liv, du har eit val,  
men du vil leve på eit svart-kvitt TV  
På ditt svart-kvitt TV, på ditt svart-kvitt TV  
Du har eit liv, du har eit val  
men du vil leve på ditt svart-kvitt TV

### **6. Emilie**

Tenk om eit sekund var alt eg skulle få?  
Og alle andre draumar vart for små..  
Om so heile verda høyrde kva eg song.  
Å la det være min tur denne gong!

Emilie..  
Å, la meg følge med, Emilie  
Ditt ansikt lovar meir enn alt du sa  
Emilie, berre sei at det går bra

Du er svaret på alle vanskar og problem  
Eit livsnødvendig sentrum i mitt solsystem  
Svevar aldri rundt i andre sine spor  
Men kvifor såg du deg tilbake då du for?

Emilie..

Å, la meg følge med, Emilie  
Ditt ansikt lovar meir enn alt du sa  
Emilie, berre sei at det går bra

Så får det heller bli, litt latter og litt liv, der alle står  
For eg er berre sju, og du er ei gudinne på elleve år, elleve år..

Emilie..

Å, la meg følge med, Emilie  
Mitt hjarte ventar framleis på eit svar  
Emilie, berre sei at det går...berre sei at det går bra!  
Emilie!

Å, la meg følge med, Emilie  
Ditt ansikt lovar meir enn alt du sa  
Emilie, berre sei at det går bra. Å, Emilie..

## 7.Kor langt kan eg ta det?

Eg sleppe taket der eg står  
Og stige varsomt ut av sorg og mørke år  
Kor mange ansikt kan ein ha?  
Kor mange kjenner meg som den eg eingong var?

Gå lina ut  
Gå lina ut  
Men kor langt kan eg ta det?  
Bli min eigen Gud  
Går eg lina ut, kor langt kan eg ta det?

Eg strekker kroppen opp på tå  
Og snur meg sakte rundt så alle her kan sjå  
For lyset skjuler ingenting  
Eg berre opnar opp det heile, sting for sting,

Gå lina ut  
Gå lina ut  
Men kor langt kan eg ta det?  
Bli min eigen Gud  
Går eg lina ut, kor langt kan eg ta det?  
Kor sant vil du ha det?  
Kor langt er for lenge  
Og du får meir enn du trenge?  
Kor mykje kan du klare  
Når du kjenner heile svaret?  
Og eg skremmer vekk alle dei andre  
Kor langt kan eg ta det?  
Kor langt kan eg ta det?

Eg sleppe taket der eg står  
Og stige varsomt ut av sorg og mørke år

## 8. Villskot

Han er ung og han er fri  
Han har sjela full av mot og sympati  
Likevel, kor lenge trur du det held?  
Før dei skjønar kva som skjer  
Før dei andre dreg han ned

Ho er snau, og ho er sær  
Heile livet har ho venta på det her  
Åå dei ler, du kankje vere den du e'  
Det er ingen som går fri  
Det er ingen sympati

Ååå len deg no tilbake, og la dei andre vise veg  
For du veit kor det går  
Du ser det brenne der dei andre villskota står

Det er så lett, når ein flyte uansett  
Å berre beite der dei andre har bestemt  
Å eg ser, dei andre sauene er med  
Her er alle like grå  
og heile flokken passar på

Ååå len deg no tilbake, og la deg langsamt bryte ned  
For du veit kor det går, du kjenner lyden av ein neve  
Som slår og slår, som slår og slår. Åh..

## 9. Einsam vind

Det stige opp frå tomme dagar  
Og lener seg mot tause år  
Kven er den skuggen som du jagar?  
Som stirrar på deg der du står

Der eg er stein og nakne liar  
Er du ein bekk som alltid renn  
I mellom går det gamle stiar  
I mellom ligger himmelen

Ser du meg no?  
Snu deg og sjå mot der vi stod  
Ser du meg no?  
Ser du meg, her no?

Ååå, ein einsom vind  
Smyg seg så lett omkring  
Kanskje tidleg, kanskje seint  
Kanskje var det aldri meint

Det stige fram eit brus av tonar  
Frå strengane som held oss att  
Frå regndråpar i millionar  
Frå vind som kviskrar dag og natt

Ser du meg no?  
Snu deg og sjå mot der vi stod  
Ser du meg no?  
Ser du meg, her no?

Ååå, ein einsom vind  
Smyg seg så lett omkring  
Kanskje tidleg, kanskje seint  
Kanskje var det aldri meint

Åååå berre ta meg med  
Send dine vinger ned  
Går det dagar eller år?  
Før du ser meg der eg står?  
Før du stryke mine kinn  
Som ein evig einsam vind  
Oooh

#### 10. Det er for seint (når du kjenner smaken)

Eg e ein dårlig tapar  
Eg tapar kampar mot meg sjølv  
Eg finne alltid noko som manglar  
Der eg jagar i eit tankelaust kjær

Eg kunne høyrte på dei gamle  
Eg kunne gått ned på kne  
Eg kunne tenkt meg om eit halvt sekund  
Men eg vil gjere feila mine i fred

For slik vinden blese no,  
Så var det ikkje noko lurt dette her  
Eg skulle venta til det vart min tur  
Eg skulle venta på litt betre vær  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Ja då er det for seint å bli liggande vaken

Og når eg ser meg tilbake  
Så ser eg at alt er perfekt  
Eg kjem'e aldri til å sleppe taket  
Det her går full fart nedover, uansett!

For slik vinden blese no  
Så var det ikkje noko lurt dette her  
Eg skulle venta til det vart min tur  
Eg skulle venta på litt betre vær  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Ja då er det for seint å bli liggande vaken

Åh det er for seint  
Det er for seint  
Åh åh åh, det er for seint, ja  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du kjenner smaken  
Det er for seint når du ligge der naken

### 11. Sleppe taket

Siste kvelden vår før du legg i frå  
Og vegen vi har vandra på  
Vil dele seg i to  
Forsiktig der du går  
Og tusen andre ting eg kunne sagt til deg  
Kor hardt det er å klare seg  
Der ute no

Men eg veit no kva eg må  
Sleppe taket der eg før har passa på  
Gå ein annan veg  
Syng ein annan song  
Fly for fyrste gong

Verda ligge klar  
Det kjennest som det aller første andedrag  
Gjev rom for mine vingeslag der veggjar brytast ned  
Nett som i ein draum  
Eg kjenner at eg endelig er plass til meg  
Det er som livet opnar seg, og dreg meg med

Og eg veit no kva eg må, sleppe taket der eg før har passa på.  
Gå ein annan veg  
Syng ein annan song  
Fly for fyrste gong

Gå med dine steg, gå med dine steg  
Gå dei der du må, men finn din eigen veg

Og eg veit no kva eg må  
Sleppe taket der eg før har passa på  
Sleppe taket der eg før har passa på